



Dette gjeld og båtar på tilhengjarar som du tek opp sjølv. Kontakt hamneleiar eller ansvarleg for sublift.

Medlemmer som eig båt plass kan leiga plassen ut til medlem, utleigaren er ansvarleg for at leigaren er medlem. Dei som leiger plass har samme ansvar/plikter som ein som er eigar. Utleigar skal fylla ut skjema for utleige og få utleiga godkjent av havneleiar.

### □□□□ 2□ **BOM**

Medlem med båt plass får brikke til bommen. Vert båt plassen leigd ut til eit anna medlem skal eigaren av plassen gje leigaren brikke.

Brikka skal ikkje lånast ut til nokon som ikkje medlem. Styret kan då krevja brikka attende.

Tap av brikker må meldast omgåande til havneleiar og ny kan kjøpast for 100 kr.

Betalast til båt laget sin konto i forkant. Kvittering skal visast til havneleiar ved utlevering.

### **3▯ BRYGGER OG UTLIGGARAR**

Medlemmer kan ikkje flytta utliggarar. Det skal handsamast av styret.

Båtplasseigaren har plikt til å halda flyteelementa sine reine og må melda frå om det er noko gale.

Det skal ikkje liggja fiskereiskap eller anna utstyr/rot på brygger eller utliggarar.

Det er ikkje lov å kasta fiskeavfall i hamna eller i og utaføre moloen.

### **4▯ FORTØYNINGAR**

Fortøyningane skal vera stramme for å minska belastninga på utliggarar, og skal utstyrast med gummidemparar. Om ikkje dette er gjort etter ei åtvaring kan havneleiar/vedlikeholdsleiar utføra dette på eigaren si rekning. Lause tau som ikkje er i bruk skal fjernast frå utliggarane.

## **5 OPPTAK/UTTAK MED SUBLIFT**

Oppslag om dagar for opptak /uttak vert hengt opp på oppslagstavla og "Subliftbua".

Ut over dette lyt ein venda seg til Subliftførar for avtale.

Det skal betalast etter gjeldande satsar ( sjå oppslag

## **6 ELEKTRISK ANLEGG**

Båtplasseigar kan kjøpa straummålar og er ansvarlig for at denne er i orden. Eigaren får utlevert ein nøkkel for skap og en for stikkkontakten. Det vert kravd eit depositum for målar.

Eigaren bør lesa av målareren minst to gonger i året for å sikra seg at målareren er i orden. Mistanke om feil må meldast til vedlikehaldsleiar.

Straumen vert lese av i januar/februar. (målaravlesinga vert fakturert båtplasseigar).

Offentlege krav fører mellom anna til at alle må ha landstraumkabel med fylgjande spesifikasjon: **HO7RN-F 750V 3-2,5 mm<sup>2</sup>** (Ekstra sterk verkstadkabel) eller tilsvarende godkjend kvalitet.

(kontakt elektrikar for tips). Kablane skal vera i ei lengd. Det er ikkje lov å ha to skøytekontaktar etter kvarandre. Ikkje godkjende kablar kan verta fjerna av hamneleinga.

Opplagsplass på land har straummålarar. Dei vert tildelt av sublifførar eller vedlikehaldsleiar, og vert fakturert separat.

## **7 BÅTLAGSHUSET**

Medlemmer av Rommetveit Båtlag kan leiga huset. Medlemmet må sjølv vera tilstades under utleige. Medlemmet kan ikkje leiga huset for andre, heller ikkje for nære slektninger. (Eigen kontrakt for husleiga får du hjå husansvarleg).

## **8 BODER**

Kvar bodeigar har plikt til å ikkje oppbevare ting som luktar, er brannfarlege eller er sjenerande for andre bodeigarar.

Bensin skal berre oppbevarast på godkjente kanner ( maks 5 liter).

Styret saman med eigar kan utføra ein inspeksjon dersom det er mistanke om brot på reglane eller klage frå andre brukarar. Eigarane må retta seg etter styret sine vedtak.

**BROT PÅ HAMNEREGLANE KAN FØRA TIL EKSKLUSJON**

HAMNELEIAR